



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/1376-

1. juli 2024

Spørsmål nr 2375 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål

Jeg tillater meg å stille følgende spørsmål til skriftlig besvarelse til samferdselsministeren:

Kan samferdselsministeren leggje fram ei oversikt som syner kva eigendomar som er innløynt i samband med planlegginga av Møreaksen, til kva kostnad og synleggjort i eigen tabell?

Svar


E39 Ålesund – Molde var omtalt i NTP 2022–2033 med oppstart i første 6-årsperiode. Samferdselsdepartementet sette i gang ekstern kvalitetssikring, KS2, tidleg i 2022. Som ein konsekvens av dette, vurderte Statens vegvesen då at det var naudsynt å gjennomføre førebuingar i prosjektet, for å klargjera prosjektet Vik – Molde til anleggsstart. Statens vegvesen har ein generell fullmakt til å pådra forplikingar knytt til slike førebuingar, sjølv om prosjektet ikkje er vedteken av Stortinget. Grunnerverv faller inn under definisjonen av førebuaende arbeider, jf. romertallsvedtak V, punkt 5 i Prop. 1 S (2021–2022).

Grunnerverv for næringsseigedomar kan verta særskild tidkrevjande, då dei næringsdrivande treng tid til omstilling og å finna nye areal og lokalar. Det var eit viktig tema i reguleringsplan prosessane hjå kommunane og dei næringsdrivande. For nokre eigendomar vil reguleringsplanvedtak medføra rett til innløyning uavhengig om prosjektet blir sett i gang.

For NTP (2025–2036) ligg prosjektet i utviklingsporteføljen, etter 2036. Alle eigendomane som er erverva kan seljast dersom ikkje staten lengre har eit behov for dei.

			Løpende kr
Dato	Adresse	Gårds og bruksnummer	Sum
30.09.2016	Furlandsvegen 230, 6390 Vestnes	gnr 48, bnr 30, Vestnes	2 752 645
08.12.2020	Ørskogfjellet skytefelt, Forsvarsbygg	gnr 692 bnr 49, gnr 692 bnr 6-29, Ålesund	411 222
25.01.2022	Furlandsvegen 234, 6390 Vestnes	gnr.48, bnr. 125 og 78, Vestnes	2 368 335
14.03.2022	Ådalen Alle, 6260 Skodje	gnr 531, bnr 44, Ålesund	3 280 585
06.04.2022	Fannestrandveien 78, 6416 Molde	gnr. 26, bnr. 33,26, 49, 51, Molde	27 675 585
27.06.2022	Utsidevegen 1973, 6475 Midsund	gnr.430 bnr 2, Molde	3 044 835
Fremtidig	Fannestrandveien 91	gnr.26, bnr.47, Molde	4 612 500
Sum			44 145 707

Med helsing



Jon-Ivar Nygård